



## Forenkla tilskotsordning for mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg – 2005 (V-0901 N)

### Orientering om tilskotsordninga

#### 1. Innleiing

Denne foldaren er utarbeidd på bakgrunn av bestemmingane til Kultur- og yrkjedepartementet i "Om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2005" (V-0732).

Kultur- og kyrkjedepartementet har ved hovudfordelinga av spelemidlar til idrettsformål i 2005 sett av 15 mill. kroner til mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg for perioden 01.05.05 til 30.04.06. Summen blir fordelt mellom fylka ut frå talet på barn og ungdom (6–19 år) i fylkeskommunane.

#### 2. Krav til søkjaren

Søklarar om tilskot av overskotet av spelemidlane til forenkla nærmiljøanleggsordning kan vere kommunar, fylkeskommunar, idrettslag eller organisasjonsledd i NIF, velforeiningar, burettslag eller andre samanslutningar.

For samanslutningar må vedtektene godkjennast på førehand av fylkeskommunen. Dette gjeld ikkje idrettslag eller organisasjonsledd i NIF, velforeiningar eller burettslag. Ein vil leggje vekt på om vedtektene har eit innhald som sikrar idretten og/eller det offentlege kontroll med eigarforhold og drift.

Det er eit grunnleggjande prinsipp at tilskot frå spelemidlar ikkje skal vere grunnlag for fortenebaserte eigarformer eller kunne gjerast om til fortene for private eigarar.

Søklarar må ha tinglyst eigedomsrett til grunnen under anlegget, tinglyst festerett til grunnen under anlegget eller tinglyst leigeavtale på minst ti år. Dette gjeld ikkje kommunale eller fylkeskommunale søklarar, og heller ikkje der anlegget er plassert på kommunal eller fylkeskommunal grunn.

Kopi av tinglyst feste- eller leigeavtale og kopi av stadfest grunnboksutskrift må følgje søknaden.

#### 3. Definisjon

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område som er lagde til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet og gjerne ligg nær bustad- og/eller opphaldsområde.

Områda skal vere fritt allment tilgjengelege og laga for eigenorganisert fysisk aktivitet, først og fremst for barn og ungdom, men også for lokalbefolkninga elles.

Nærmiljøanlegg skal ikkje dekkje behovet for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller til ordinære konkurransar i idrett.

Nærmiljøanlegg kan plasserast i tilknytning til eit skoleanlegg og/eller idrettsanlegg. Ved samlokalisering med idrettsanlegg gjeld – som nemnt ovanfor – at nærmiljøanlegget skal vere for eigenorganisert fysisk aktivitet. Anlegg ved skolar skal stå opne etter skoletid.

#### **4. Tilskotssum og tilskotsgrense**

Med mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg meiner ein anlegg med ein godkjend kostnad opptil kr 80 000. Den nedre grensa for å kunne søkje er kr 20 000.

Det blir gitt tilskot med inntil 50 % av godkjend kostnad, avgrensa oppover til kr 40 000. Tilskotssummen kan ikkje vere mindre enn kr 10 000.

#### **5. Element med rett på tilskot**

Det blir teke ei fortløpande vurdering ut frå skjønn i fylkeskommunane. Det blir understreka at fysisk aktivitet for aldersgruppa 6–19 år skal vere i fokus.

Det blir understreka at anleggseigaren har ansvar for tryggleiken ved anlegga.

#### **Utstyr som ikkje har rett på tilskot**

Reine reiskapsleikeplassar (sandkasser, husker, sklier, vipper, klatrehus osv.) fell utanfor ordninga.

Personleg utstyr, det vil seie forbruksmateriell (ballar, racketar osv.), har ikkje rett på tilskot.

#### **6. Saksgang**

Det er ingen eigen søknadsfrist. Ein kan søkje gjennom heile året, og det skal skje direkte til fylkeskommunen.

- Søkjaren fyller ut søknads- og rekneskapsskjema (V-0902), tek kopi og sender dette vidare til kommunen.
- Kommunen fyller ut geodata og skriv under på side 4 i søknadsskjemaet.
- Kommunen sender søknaden vidare til fylkeskommunen.
- Dersom søkjaren får positiv tilbakemelding frå fylkeskommunen, blir rekneskapen ført på kopi av søknadsskjema.
- Midlane blir utbetalte etter at kontrollert rekneskap er motteken i fylkeskommunen.

Behandlingstida i fylkeskommunen er i regelen inntil fem veker.

#### **7. Krav til søknaden**

Det er utarbeidd eit eige forenkla søknads- og rekneskapsskjema (V-0902).

Desse vedlegga skal følgje skjemaet:

- Kopi av tinglyst skøyte eller festeavtale (10 år) og kopi av stadfest grunnboksutskrift.
- Situasjonsplan (anlegget teikna inn på kart).
- Enkel plan for drift og vedlikehald.
- Teikningar som viser korleis anlegget blir bygt opp.

- Dokumentasjon på dei ulike delane av finansieringsplanen.
- Underskrift frå kommunen.

\* \* \*

Det blir sett korte fristar for å få gjennomført dei ulike anlegga. Fristen blir fastsett av fylkeskommunane og varierer frå ein til ni månader, avhengig av årstida for når tilsegna blir gitt, og av kor komplekst anlegget er. For anlegg som ikkje blir ferdige innanfor den fastsette fristen, blir tildelte midlar trekte tilbake.

Kvar fylkeskommune har ansvar for å følgje opp dette punktet.

Kommunen har ansvar for å registrere anlegget i registeret til Kultur- og kyrkjedepartementet for idrettsanlegg og spelemiddelsøknader når det er ferdig. Elles er det ikkje eit krav at mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg blir tekne med i den kommunale planen for anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet. Ein oppfordrar likevel kommunen om å omtale anlegga med omsyn til prioritering.

### **Aktuelle publikasjonar**

V-0732      Om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2005

Idéhefte for tilrettelegging for uteaktivitetar i nærmiljøet – i skole og fritid.

Eksempler på løsnings.

Du kan kjøpe heftet ved å kontakte Idrettsbutikken,  
[www.idrettsbutikken.no](http://www.idrettsbutikken.no)

Utgitt av  
Kultur- og kyrkjedepartementet  
Idrettsavdelinga  
Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo  
Tlf. 22 24 90 90 / 22 24 80 64  
e-post: [idrettsavdelingen@kkd.dep.no](mailto:idrettsavdelingen@kkd.dep.no)  
Publikasjonsnummer V-0901 N